


# LexicoNordica

|            |                                                                                                 |                                                                                     |
|------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| Titel:     | Nordiske ordbøker – oppdatering, utvikling og tilgjengeleggjøring                               |  |
| Forfatter: | Terje Svardal & Henrik Hovmark                                                                  |                                                                                     |
| Kilde:     | LexicoNordica 32, 2025, s. 9-12                                                                 |                                                                                     |
| URL:       | <a href="https://tidsskrift.dk/lexn/issue/archive">https://tidsskrift.dk/lexn/issue/archive</a> |                                                                                     |

© 2025 LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for bruk af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfylt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske opplysninger.

# Nordiske ordbøker – oppdatering, utvikling og tilgjengeleggjering

*Terje Svardal & Henrik Hovmark*

Vi har gleden av å presentere det 32. nummeret av *LexicoNordica*, tidsskriftet som blir gitt ut av Nordisk forening for leksikografi (NFL). Som vanleg inneheld publikasjonen ein tematisk del, som i år omfattar ni bidrag. Desse bygger på føredrag haldne på *LexicoNordica*-symposiet 2025. Dette blei arrangert i Oslo på Voksenåsen, Noregs nasjonalgåve til Sverige. I tillegg til dei tematiske bidraga inneheld dette nummeret to ikkje-tematiske bidrag, bokmeldingar og avslutningsvis meldingar frå styret i Nordisk forening for leksikografi og dessutan redaksjonsreglane for tidsskriftet.

Årets tema er oppdatering, utvikling og tilgjengeleggjering av nordiske ordbøker. Dei er viktige for å sikre nordisk språkforståing og dokumentasjonen av felles nordisk kulturarv. For at ordbøkene skal kunne fylle denne funksjonen, er det ein føredsetnad at dei er kvalitetssikra og innholdsmessig oppdaterte. I tillegg må dei vere tilgjengelege på måtar som møter brukarane sine behov og brukarane si verkelegheit. Nordiske ordboksressursar har i vår tid ei rekke utfordringar i samanheng med dette: Samtidsordbøker møter stor konkurranse frå ikkje-kvalitetssikra webordbøker og frå applikasjonar som bygger på og leverer maskingenerert tekst og innhald. Samtstundes forventar publikum at ordbøkene ikkje berre gir korrekt informasjon til for eksempel skulevesenet, offentleg forvaltning og andre sektorar og brukargrupper, men at dei òg blir løpande oppdaterte med omsyn til representasjon og framstilling av kulturar og minoritetar i samfunnet. Historiske ordbøker med omfattande opplysningar om kulturarv har særleg utfordringar med tanke på omstillinga til moderne teknologiar og tilgjengeleggjering for eit breiare publikum.

Bidraga i årest *LexicoNordica*-utgåve belyser temaet på ulike måtar. Felles for Pär Nilsons artikkel om revisjonen av *Svenska Akademiens ordbok*, SAOB, og Sturla Berg-Olsen, Knut E. Karlsen, Klara Sjo og Bente Selbacks bidrag om *Bokmålsordboka* (BOB) og *Nynorskordboka* (NOB) er at dei belyser problem som dukkar opp i ein revisjon og korleis ein må tilpasse ambisjonsnivået til ressursane. Hanne Lauvstad viser ved hjelp av arbeidet med litterære sitat i *Det Norske Akademis ordbok*, NAOB, verdien og nytten av kritisk gjennomgang av sitatutval med tanke på periode og kjønn, mens Emma Aadlands kjønnsperspektiv på sitata nytta i BOB belyser kor viktig det er å ha tanke om at ulike brukargrupper kjenner seg representerte i ei ordbok. Også Sanni Nimb og Agnes Aggergard Mikkelsen viser drøftingar som ligg til grunn for endringar i definisjonar, lemmautval og bruksmarkeringar i *Den Danske Begrebsordbog*. Det er her tale om ein thesaurus, ei onomasiologisk ordbok, der ein prøvde å tilpasse begrepshierarkiet til notida i den opphavlege utgåva frå 2014. Men allereie etter få år viste det seg at ei lang rekke omgrep måtte omdefinierast for å vere i betre samsvar med den aktuelle samfunnsutviklinga.

Den tekniske utviklinga er både utfordring og moglegheit for eit ordbokprosjekt. Lars Trap-Jensen belyser bruken av kunstig intelligens, KI, og peiker på positive og negative konsekvensar for leksikografien. Det blir dessutan argumentert for at det er naudsynt å omorganisere informasjonen i ordbøkenes databasar fordi brukarane ikkje lengre hentar informasjonen i den trykte bokas løpande framstilling, noko som inneber at den enkelte artikkelen ikkje kan utnytte forskjellige former for nedarving, men i høgare grad skal presentere brukaren for ein full informasjon.

Eit viktig aspekt med tanke på relevans for framandspråkdbukkarar blir drøfta av Magnus Ahlthorp og Laila Höglund, som tar for seg såkalla *samhällsord* i Lexin, korleis finne lakuner i lemma-lista og korleis ein kan bøte på ein slik mangel.

Historiske ordbøker er rike kjelder til kulturarven og Trausti

Dagsson og Ellert Þór Jóhannsson viser korleis ny teknologi kan gi ei eldre utgiving betre og meir informasjon til publikum. Dei historiske ordbøkene bygger på historisk tekstmateriale, og sikringa og formidlinga av dette kjeldematerialet er av stor verdi. Ásta Svavarsdóttir og Helga Hilmsdóttirs artikkel gir innblikk i arbeidet med historiske ressursar og fordelar og ulemper knytte til digitalisering av desse. Eit hovudbodskap er at så vel eldre kjeldemateriale (setelsamlingar m.v.) og nyare korpus rommar verdifulle data for både leksikografar og språkforskarar, og derfor supplerer kvarandre.

Under ikkje-tematiske bidrag undersøker Poul Hansen Den universelle First-Letter Law og korleis den kan brukast til statistisk undersøking av skandinaviske ordbøker. I *Har de kommit för att stanna? Om nyordslistornas ord i SO och SAOL* presenterer Andreas Brimberg og Linnea Hanell i kva grad neologismar på nyordslista som blir publisert av Språkrådet blir innlemma i samtidsordbøker utgjevne av Svenska Akademien.

Årets *LexicoNordica* byr på meldingar av to danske utgjevingar. Holger Juul ser på 5. utgåva av den offisielle danske rettskrivingsordboka, *Retskrivningsordbogen*, og diskuterer bl.a. ordbokas formidling og framstilling av bøyingsformer, kommareglar og endra staveformer. Forholdet mellom den trykte og den digitale utgåva blir også tematisert. Eva Thelin tar for seg *En rikhaltig ordbok om dialekterna i Thy*, ei ordbok over målføret i Thy i det nordvestlege Jylland. Denne byggjer på ei rik, eldre setelsamling.

Redaksjonen for årets nummer består av dei to hovudredaktørane Henrik Hovmark og Terje Svardal og landredaktørane Liisa Deth Theilgaard (Danmark), Helga Hilmsdóttir (Island), Louise Holmer (Sverige), Caroline Sandström (Finland) og Bente Selback (Noreg).

Redaksjonen har bestemt at tema for neste symposium er:

2026: Brugerundersøgelser og -involvering i nordiske  
ordbøger

Redaksjonen tar imot forslag til føredrag og føredragshaldarar på desse symposia og også idéar til tema for framtidige symposium. Vi minner også om heimesida til og nyheitsbrev frå NFL som kjelde til informasjon.

Symposiet blei arrangert i samarbeid med *Språkrådet* i Noreg og *Svenska Akademiens Ordbok*. Vi takkar for godt samarbeid!

Vi takkar landredaktørane for innsatsen i løpet av året. Ein særskild takk går til Kjetil Gundersen, som har gjort ein stor og verdfull innsats som landredaktør for Noreg. Innsatsen var stor både med arbeid med artiklar og å finne føredragshaldarar. Takk til styret, især kasserar Pär Nilsson for ei god hand med det praktiske arbeidet med søknader og gjennomføring av symposiet. Ein takk går også til Laurids Kristian Fahl som enno ein gong har tatt seg av settinga av tidsskriftet og gitt det ei profesjonell utforming. Til slutt takkar vi Nordplus Nordens sprog for økonomisk støtte og Voksenåsen kultursentrum for husrom og mat.

Terje Svardal  
leksikograf  
Språksamlingane  
Universitetet i Bergen  
Postboks 7808  
NO-5020 Bergen  
terje.svardal@uib.no

Henrik Hovmark  
lektor, ph.d.  
Ømålsordbogen  
Institut for Nordiske Studier og  
Sprogvidenskab  
Københavns Universitet  
Emil Holms Kanal 2  
DK-2300 København S  
hovmark@hum.ku.dk